

Mottatt HV RHF**06 JUN 2013**

Helse Vest
Att. Ingvill Skogseth
Postboks 303, Forus
4066 Stavanger

Dykkar ref:	2013/79 - 1915/2013	Vår ref:	2013/146- 12691/2013	Anne Hilde Bjøntegård, tlf	52732035	Haugesund, 05.06.2013
-------------	------------------------	----------	-------------------------	----------------------------	----------	--------------------------

Legeambulansse i Helse Fonna HF

Viser til brev dagsett 26.04.13. Helse Vest ber der om melding om korleis dei ekstraordinære midlane på 4 million kroner, løyvd til prehospitale tenester i Helse Fonna i styresak 25/13, er tenkt nytta.

Helse Fonna takker for denne løyvinga, og har følgjande plan for bruk av midlane;

1. Utviding av legebil drifta til å omfatte kveldstid kvardagar.

Plan er ei utviding frå klokka 1530 til 2000 fem dagar i veka. Dette vil dekke ettermiddags- og kveldstimar då aktiviteten i samfunnet er stor både med omsyn til trafikk, fritidsaktivitetar og anna. Den auken i kveldsarbeid ei slik utviding vil gi skaper turnusmessige utfordringar, då alle som arbeider på legebilen også har sine ordinære døgnvakter på anestesieininga eller i ambulansetenesta. Personalet på legebilen er likevel positivt innstilt til utviding.

Det er tenkt å tilsette ein ekstra anestesioverlege kombinert med å endre turnusplanar. I tillegg vil det bli nytta såkalla «vakans vakter», for legane slik at ikkje den faste arbeidstida på kveld vert urimeleg stor. Målet er å få dekkja alle kveldsvaktene sjølv om nokre blir basert på frivillig ekstravakt. Føretaket ser at det er behov for å lære opp fleire anestesilegar til legebil arbeid for å kunne dele vaktbelastninga på fleire. Opplæring vil bli sett i gong snarast.

For ambulanssepersonell er det tenkt bruk av lange vakter då dette er vanleg i denne tenesta. Tal på ambulanssearbeidarar involvert i legebil er òg større enn for legane, slik at turnusbelastninga ikkje blir for stor på den einkilde.

Det er førebels ikkje funne rom for utviding til helg og natt.

Ei utviding frå klokka 1530 – 2000 vil krevje om lag 3 mill kroner årleg i auka personalkostnader og driftskostnader.

2. Styrking av vurderingskompetanse i akuttmottak gjennom å auke bemanning med ein medisinsk assistentlege på dagtid.

Akuttmottak er ein del av den prehospitale kjeda. Det har i lengre tid vore fokus på tilhøva i norske akuttmottak, med stor tilstrømming av pasientar og tidvis lange ventetider. Haugesund Sjukehus har òg desse utfordringane. Hovud del av pasientane er indremedisinske, ein stor del er eldre med samansett lidning. Fleire sjukehus har vurdert styrking av legeressurs i mottak som det beste tiltak for å kunne gjere gode medisinsk faglege vurderingar og få pasienten til rett behandlingsnivå raskt. Leiing og legar i Helse Fonna har nyleg gjennomført ei utgreiing med same konklusjon. Styrking av legeressurs i mottak kan òg redusere utfordringa med korridorpasientar på sengepostane.

Tilsetting av ein assistent lege vil koste om lag 1 mill kroner årleg.

Utviding av legebil og styrking av legeteneste i akuttmottak er tenkt gjennomført hausten 2013, så snart utlysning og tilsetting er gjort.

Helse Fonna HF



Olav Klausen
Administrerende direktør